



Ole Kristoffer Vågen og Kåre Hauge får kvar sin hytteplan aust for Skorpevågen.

**Ole Kristoffer Vågen på Skorpo har meldt frå om at han ikkje ynskjer å vera delaktig i byggeplanprosessen for eit hytteområde ved Skorpevågen saman med Kåre Hauge. Han vil heller satsa på utleiehytter, har han skreve til kommunen.**

Kommunen har no sett på denne saka og tek ynskjet frå Vågen "til etterretning", men gjer merksam på at det ikkje er i tråd med føremålet hytter (fritidsbustader).

Kommunedelplanen opnar for byggjing av fem fritidseigedomar (hytter) i heile området. Etter arealvurdering meiner kommunen å kunne tilrå tre hytter på området til Hauge og to hytter på området til Vågen.

Av Ola Matti Mathisen